

Lasse som skulle tel jestebu fara

Anna Monrads versjon:

Han Lasse han skulle tel jestebu fara,
saa hadde han itno paa borde aa bera,
je faar vel, sa n Lasse, je faar vel, sa n Lasse,
de lider saa silde om aftenen.

Han Lasse tok børsa utpaa sin bak,
aa vandre tel skogen i ro aa mak,
der traf n Lasse en bjørn som n skaut,
men traf itte, da flaug bjørn paa n Lasse.

Aa bjørn han reiv n Lasse sun
au au, sa n Lasse, au au, sa n Lasse,
de lider sa silde om aftenen.

Han Lasse fek lad børsa igjen
saa skaut n bjørn, saa den dat dau,
lig der, sa n Lasse, lig der, sa n Lasse,
de lider saa silde om aftenen.

Han Lasse tok bjørn oppaa sin bak,
aa jik saa himmat, i ro aa mak,
du er tong, sa n Lasse, du er tong, sa n Lasse,
de lider saa silde om aftenen.

Paa vegen han Lasse møtte en man,
den man han hadde ei krokke faar rev??
smør paa, sa n Lasse, smør paa, sa n Lasse,
de lider saa silde om aftenen.

Da n Lasse han kom i stua in,
kjæringa aa onga dom flaug i en ring,
bli red, sa n Lasse, bli red, sa n Lasse,
de lider saa silde om aftenen.

Han Lasse han fant dei kniva fram
aa n Lasse han flaadde, aa kjæringa hølt i,
høll hart, sa n Lasse, høll hart, sa n Lasse,
de lider saa silde om aftenen.

(detta er ælt je kan komma ihau ta denna visa.)

Han Mass og han Lasse

Nedtegnet av Lindeman i 1870 etter Hans Haagensen Flatner, Gjerdrum

Finnes i veldig mange versjoner.

Han Mass og han Lass dei gingo på råd,
tre heile dagar til ende,
korleis dei skulle bamsen få.
«Me skal skjote'n,»sa han Mass,
«og selje hudi,» sa han Lass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Mass spente bogen opp for kne,
tre heile dagar til ende.
Så skaut han til bamsen så han datt ned.
«Eg trur han datt,» sa han Mass,
«kom ta fatt!» sa han Lass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Mass drog bamsen til Hosløse by,
tre heile dagar til ende.
der stod ei bikkje og glama i sky.
«Tru ho vil bite?» sa han Mass,
«det er 'kje sæt på,» sa han Lass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Mass slo kloa i bikkjas skinn,
tre heile dagar til ende.
Så vrengde han ut det som før var inn.
«Eg meiner ho er daud!» sa han Mass,
«som ei sild,» sa han Lass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Mass slepte bamsen til Hosløse hus,
tre heile dagar til ende.
Og der var no mykje sus og dus.
«Her vil me drikke!» sa han Mass,
«til me sturte,» sa han Lass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Mass slengde bamsen pa stogegolv,
tre heile dagar til ende.
Og alle kvinnfolk i huset skolv.
«No vert dei redde!» sa han Mass,
«lat så bli,» sa han Lass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Lass han koka ein rjomegraut,
tre heile dagar til ende.
Så femten kjerringar i smøret flaut.
«Han er feit!» sa han Mass,
«han er heit,» sa han Lass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Mass sette øltønna opp på bord,
tre heile dagar til ende.
Så slo han i halsen kvar einaste tår.
«Tvi vøre kor du drakk!» sa han Lass,
«eg var tyrst,» sa han Mass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Lass han vart no så vreid som ein tysk,
tre heile dagar til ende.
Han spytta og banna som han var rysk.
«Det skal du få hogg for!» sa han Lass,
«lat oss slåst!» sa han Mass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.

Og han Lass drog ut sin tollekniiv,
tre heile dagar til ende.
Så sette han den i Masses liv.
«All – au!» sa han Mass,
«gjorde det vondt?» sa han Lass.
«Seier du det!» sa han Mass til han Lasse.